



Masfjorden kommune

Teknisk, miljø og landbruk

Hans Magne Haukeland
Indre Haugsdal 204
5984 MATREDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/942 - 17/7385

Saksbehandlar:
Ottar Myrtveit
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:
20.11.2017

Haukeland - utsetjing av arbeidsfrist på to planeringsfelt

Viser til ditt brev datert 20.11.2017, og tlf sist i veke 46. Brevet dykkar gjaldt både lagring av stein samt utsetjing av arbeidsfrist. Dette svaret gjeld berre utsetjing av arbeidsfristen. Dei to sakene med saksnr **13/38** og **12/812** i samband med steinfyllingane/bakkeplaneringane kalla, Storevassmyra og Storevassmyra aust hadde i vedtaket ein **arbeidsfrist til ut september 2015**. Dette var eit av vilkåra i vedtaket.(kulepkt 7)

Vilkår:

- *Dersom det under anleggsarbeid blir oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og ansvarleg søkjar skal straks melde frå om dette til Hordaland fylkeskommune, jf Lov om kulturminne.*
- *Ved etablering av ny avkjøring skal vegmynde i Masfjorden kommune kontaktast.*
- *Tiltaket skal gjennomførast med grunnlag i vedlagte skisse for drenering og avløp.*
- *Det skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning, og gjer levestad for plantar og dyr, vedlagt kart.*
- *Det er viktig att fyllingsfoten på vegen langs elva vert erosjonssikra og vegen vert bygd flaumsikkert.*
- *Det skal sendast inn lengde - og tverr profilar, som viser plassering av elv og veg, til Masfjorden kommune før oppstart av bygging av tilkomst veg.*
- *Etter ferdigstilling skal området vere jorddekt og tilsådd med grasfrø. Tilbakeføring av jord etter ferdig planering skal skje vår og sommar, og jorda skal tilsåast med grasfrø same vekstsesong som ho vert lagt ut. Tilbakeføringa kan skje etappevis. **Tiltaket skal vera ferdigstilt innan september 2015.***

- Før deponeringa startar skal det lagast ei slamoppsamling i utløpet av området med tilstrekkeleg dimensjon til å samle finstoff og slam frå massedeponiet. Denne skal reinskast ved behov. Finstoff/slam skal ikkje renna ut i vassdraget.
- Deponiet skal berre nyttast til tunnelmassar frå arbeidet med nye Matre Haugsdalen kraftverk.

Vidare syner ein til dei to punkta under.

Bortfall av byggeløyve, PBL § 21-9:

Arbeid må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.

Sluttkontroll og ferdigattest, PBL § 21-10:

Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve eller ferdigattest er gjeve.

Då desse to prosjekta har eit så pass stort omfang vil det vera urimeleg å ikkje gje ei utsetjing på arbeidsfristen basert på alle omstende ein kjenner til i saka, men med same vilkår som i gjeldande vedtak heimla i PBL §21

Ein gjev difor utsatt arbeidsfrist på begge felta til: 31.12.2019

Dersom du har spørsmål i saka kontakt landbruksrettleiar Ottar Myrtveit.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Hans Magne Haukeland

Indre Haugsdal
204

5984

MATREDAL